

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 05.09.2019

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av møtebok
- Delegasjonssaker
- Skriv og meldingar
- Uttale til Nasjonale ramme for vindkraft på land
- Kvalitetsmelding for oppvektsektoren 2019
- Ungdomssteget i Gulen. Vurdering av strukturendring
- Høyringsuttale til forslag om endring i forskrift om radioaktiv forureining og avfall
- Evaluering av planstrategi 2016-2019. Førebuing av planstrategi 2020-2023
- Eigedomssstrategi Gulen kommune. Revisjon 2019
- Revisjon av finans- og gjeldsreglementet
- Sluttrapport Heilskapleg Overordna ROS 2019-2023
- Delegeringsreglement for Gulen kommune. Rullering 2019
- Kommunalt tilskot til bygging av pistolbane, Gulen Sportskyttarklubb
- NAV Fensfjorden. Samordning av sosialhjelppssatsar
- Oppnemning av valnemnd 2019
- Øvre Stølen III bustadfelt. Søknad om kjøp av delar av tomt nr 9 som tilleggstomt til tomt nr 8
- Omdanning av SEKOM sekretariat. Godkjenning av ny samarbeidsavtale
- Høyringsuttale til Nasjonal rettleiar for akutthjelparar
- Klage på vedtak i formannskapet, sak 32/19

Stad og tid:

Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 09.30.  
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen,  
og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.  
Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal, Ordførar



HA EIN  
STRÅLANDE  
HAUST!

## Helsing frå Ordføraren

Sommaren i år har vore særslig innhaldsrik med mange gode opplevingar for oss i Gulen:

Utkantfestivalen viste seg frå si aller beste side med eit variert og godt program, og eit strålende ver alle dagar. Ingenting kan måle seg med Utkant når alt klaffar som i år, heilt Konge. Tusen takk til alle dykk som jobbar med arrangementet. Her ligg mykje dugnad bak.

Landsskyttarstevne er eit anna høgdepunkt. Vi har vore bortskjemde med Norgesmestartitlar frå ungdomane våre. Og dei slo til i år også. Litt av ein prestasjon, og gratulerer til dykk alle med fantastiske resultat, det er mykje godt arbeid som vert gjort i skyttarlaga våre.

Hausten nærmar seg, og eg held på med førebuingane til det siste kommunestyremøtet i denne perioden. Det er rart å tenkje på at desse 4 åra no er omme. Det har gått veldig fort syns eg. Det har vore eit godt klima i kommunestyret, alle har jobba i lag for ei god utvikling i Gulen kommune. Det syns eg er kjekt, og det har vore ei glede å få lede kommunestyret i desse åra.

No er det val som står for døra, og eg vil oppmøde alle om å bruke stemmeretten sin, det er veldig viktig dersom du vil ha innverknad på korleis vi skal styre kommunen vår. I år skal vi også velje representantar til Vestland fylke, det vert spennande å sjå korleis det nye fylket vert samansett.

Godt val!

Hallvard Oppedal – Ordførar



## **Informasjon vedkomande kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019**

### **Står du i manntalet?**

For å kunne røyste ved kommunestyre- og fylkestingsvalet den 9. september i år – eller førehandsrøyste til dette valet – må du stå i manntalet.

Manntalet for Gulen er lagt ut i ekspedisjonen på kommunehuset. Du kan ringe ekspedisjonen på tlf 57 78 20 00, eller møte opp for å sjekke om du står i manntalet.

Dersom du har flytta til/frå ein annan kommune, og melding om flytting ikkje er motteken i folkeregisteret innan 30. juni 2019, står du framleis i manntalet i den kommunen du flytta ifrå. Då kan du velje om du vil røyste på valldagen i den kommunen du har flytta frå, eller om du vil førehandsrøyste i Gulen kommune – eller i ein annan kommune.

Dersom du meiner det er feil eller manglar ved manntalet, må du gje melding til valstyret. Krav om retting skal vere skriftleg og grunngjeve, og skal sendast Gulen valstyre, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik. Valstyret vil oppdatere manntalet så lenge det er praktisk råd.

### **Førehandsrøysting**

Ordinær førehandsrøysting tek til **10. august** og er mogeleg fram til og med **6. september**. Førehandsrøystinga finn stad ved ekspedisjonsavdelinga i Gulen kommune kvar arbeidsdag mellom kl 10.00 og 15.00.

I tillegg vert det førehandsrøysting i krinsane - **FOR ALLE INTERESSERTE** - på bu- og omsorgssentra desse datoane:

Stad	Dato	Tid
Gulen Sjukeheim	fredag 30. august	kl 11.00 – 13.00
Eivindvik bu- og omsorgssenter	laurdag 31. august	kl 10.00 – 13.00
Brekke bu- og omsorgssenter	laurdag 31. august	kl 10.00 – 13.00
Dalsøyra bu- og omsorgssenter	laurdag 31. august	kl 10.00 – 13.00
Byrknes bu- og omsorgssenter	laurdag 31. august	kl 10.00 – 13.00

### **Heimerøysting**

Dersom du ikkje kan komme til eit vallokale fordi du er sjuk eller ufør, kan du søkje valstyret i Gulen kommune om å få røyste heime eller der du held til.

**Søknadsfristen for å få røyste heime er mandag 2. september.**

Det er ingen formelle krav til innhaldet i søknaden, men det må gå fram at veljar ikkje er i stand til å førehandsrøyste ein annan stad.

Søknad sendast anten:

- skriftleg til Gulen valstyre, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
- per telefon 57 78 20 00
- per epost til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)

Ved heimerøysting kjem to valmedarbeidarar frå kommunen heim til veljaren. Valmedarbeidarane har med et "minirøystelokale" med røystesetlar, valurne og alt anna som trengs. Dei som røyster heime, må hugse å ha legitimasjon tilgjengeleg.

## Røysting på valdagen 9. september

Valdagen den 9. september må du røyste i den kommunen der du var registrert i folkeregisteret som busett 30. juni 2019.

Her er eit oversyn over vallokala i Gulen ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.

Krins:	Røystested:
Eivindvik	Kommunehuset, 2. etg
Brekke	Risnehall samfunnshus
Byrknes	Byrknes skule
Dalsøyra	Dalsøyra samfunnshus

Røystetid på valdagen er kl. 10.00–18.00 i alle krinsane.



## Hjelp i røysteavlukke

Dersom du har behov for hjelp i røysteavlukke, kan du få det av ein av valmedarbeidarane. I heilt særskilte høve (alvorleg psykisk eller fysisk funksjonshemmning) kan du få peike ut din eigen hjelpear i tillegg til valmedarbeidaren.

## Kva må eg ha med til røystelokalet?

Vallova seier at ein velgjar som er ukjend for røystemottakar skal legitimere seg. **Ta derfor med legitimasjon når du skal røyste**, både ved førehands- og valdagsrøysting. Legitimasjon kan til dømes vere pass, førarkort eller bankkort med biletet.

Dersom du oppheld deg på ein institusjon som sjukeheim, sjukehus eller fengsel, kan du få ein tilsett ved institusjonen til å stadfeste identiteten din.

Ta med **valkortet** i tillegg. Det lettar arbeidet for valfunksjonærane, og det går raskare for deg å røyste. Har du gløymt det, får du likevel røyste.

**GODT VAL!**

## Kommunikasjon med personar med demens

Omgangskrinsen og vårt sosiale liv er viktig for alle menneske. Dette er noko av det som kan bli utfordrande når ein får ein demenssjukdom. Det kan vere ulike årsaker til det, men ofte grunnar det i vanskar med kommunikasjon, anten med å forstå eller finne dei retteorda.

Her nokre tips for å behalde ein god kommunikasjon med personar med demens:

- Kroppsspråket vårt er viktig. Smil, ver roleg og gjerne ver tydeleg om at du snakkar til personen
- Sei ein ting om gangen, gjerne med enkle, korte setningar, som er mest mogeleg konkret
- Det er viktig å ta seg godt tid, ikkje snakk for fort
- Unngå å rette på personen ved feil, prøv heller å føre på rett spor
- Minner er viktig, prøv gjerne å mimre over gode minner ein har delt
- Minner kan òg sitte i kroppen. Både song, dans og musikk, handarbeid og baking er ting som kan sitte i fingrane i lang tid. Å få ta del på sånne stunder kan auke mestringsskjensla.



Kjelde:

<https://nasjonalforeningen.no/demens/parorende-og-demens/kommunisere/>

Har du spørsmål om demens?



E-post: [demenslinjen@nasjonalforeningen.no](mailto:demenslinjen@nasjonalforeningen.no)

Hukommelsesteamet i Gulen:

Miek Norman, tlf. 41 61 09 72 og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

## Status for fiberutbygginga i Gulen

Telenor bygger no ut fiberbreiband i Gulen kommune. Prosjektet gjev oss om lag 80 % dekningsgrad for høgfarts breiband, som får oss over gjennomsnittleg dekning for kommunane i fylket. Telenor melder at prosjektet er om lag i rute, men at dei har noko forseinka framdrift på desse plassane: Byrknes, Dalsøyra, Eivindvik, Eidsbotn. Kundane i desse områda skal ha fått skriv om dette. Telenor reknar med at alle kundar i Gulen vil vere på nett i løpet av året.

Kommunen får framleis spørsmål frå interesserte i dei aktuelle utbyggingsområda (<https://www.gulen.kommune.no/fiberbreiband-2019.6204253-110227.html>) som ynskjer å tinge fiberbreiband. Etter kvart som prosjektet no nærmar seg sluttføring vert desse områda ferdigutbygde. Nye kundar vil då ikkje ha høve til å kople seg på før etter ferdigstilling av prosjektet, då fiberbreiband vil kunne bestillast til vanlege vilkår. Bestillingane vert då handtert fortløpande som "fortettingssaker".

Det er mogleg å tinge abonnement innafor utbyggingsområda i Eivindvik og på Eidsbotn litt til, men 30. august er absolutt siste frist.

Privatpersonar som ynskjer å nyte tilbodet kan kontakte Stefan McDowell, epost: [stefan@n2q.no](mailto:stefan@n2q.no), mobilnr. 486 00 668.

Bedrifter som ynskjer å tinge kan sende epost til: [fibertilbedriftenmin@telenor.com](mailto:fibertilbedriftenmin@telenor.com), og få eit tilbod tilbake på epost.

Praktisk info om fiberutbygging: Telenor legg fiberkabel til tomtegrense. Der det er luftstrekks frå før vert fiberleidning lagt fram på same måte, utan eigeninnsats frå kunde. Om telefonleidningen ligg i bakken må kunden sjølv syte for framføring av fiberkabel til husveggen. Rør vert utlevert på førehand og må gravast ned til avtalt tid.

## Vidare utbygging av breiband i Gulen

Gulen kommune sende søknad om statstilskot til mange områda i år, og får truleg kr 910 000 i statstilskot, til utbygging på strekninga frå Glenja til Brandanger. Rammene for 2019-tildelinga vert endeleg klare i haust.

Dei områda som står att å bygge ut i Gulen er meir spreiddbygde enn dei som vert bygd ut i år, og såleis dyrare å bygge ut pr abonnent. Vidare utbyggingstempo i Gulen vil vere avhengig av både nasjonale og lokale prioriteringar, og vi får håpe at vi får til gode resultat dei neste åra!



GULEN KOMMUNE  
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA



# ÅRSMELDING 2018

## FOR

# GULEN KOMMUNE

Godkjent av Gulen kommunestyre i K-sak 44/19, datert 20.06.19

## POLITISK ORGANISERING

### Kommunestyret

Senterpartiet (9): Hallvard H. Oppedal (ordførar), Helga Irene Ellingsen, Lars Atle Larsen, Kristin Margrete Byrknes, Johnny L. Langvatn, Jon Ivar Steine, Lars Magnus Neverdal, Rolf Daniel Midtun, Arnhild Kjellevold

Høgre (5): Reidar Bøe, Stein-Inge Larsen, Bjørn Brekke, Ivar Eide, Kristin Mjanger

Arbeidarpartiet (3): Odd Harald Eide (varaordførar), Gerd Ingunn Ynnesdal, Rune Håvåg

Venstre – uavhengige frå 09.02.2018 (3): Bjarte Undertun, Daniel Olai Kvernøy, Margrethe Thune Trædal  
Kristeleg Folkeparti (1): Ingolf Wergeland

### Formannskapet

Hallvard H. Oppedal (Sp), Helga Irene Ellingsen (Sp), Ivar Eide (H), Odd Harald Eide (AP), Bjarte Undertun (V/Uavhengig)


### Hovudutvala

Plan og utvikling: Lars Atle Larsen (Sp, leiar), Rune Håvåg (Ap, nestleiar), Arnhild Kjellevold (Sp), Stein-Inge Larsen (H), Daniel Olai Larsen (V/Uavhengig)

Omsorg: Johnny L. Langvatn (Sp, leiar), Merete Å. Misje (Ap, nestleiar), Kristin Margrete Byrknes (Sp), Bjørn Brekke (H), Ingolf Wergeland (Krf)

Oppvekst: Rolf Daniel Midtun (Sp, leiar), Gerd Ingunn Ynnesdal (Ap, nestleiar), Lars Magnus Neverdal (Sp), Ingvild Høydal (V/Uavhengig), Kristin Mjanger (H)

## ADMINISTRATIV ORGANISERING





## TILBAKEBLIKK PÅ 2018 – SLIK RÅDMANNEN SER DET

Utsegna «skape verdiar i lokalsamfunnet» vert ofte nytta i samanheng med t.d. omtale av nye næringsetableringar og omtale av korleis det går med ulike bedrifter etc. At næringslivet skapar verdiar i lokalsamfunnet er eit faktum alle er samde i. Det er sjeldan me ser det same utsagnet nytta i omtalen av ein kommune sitt arbeid. Det trass at kommunen sine tenester som t.d. helsetenester og barnehage- og skuletilbodet vert omtalt som viktige premiss når attraktiviteten til eit område skal definerast.

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret om ressursbruk og resultat i året som gjekk og er eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument. Årsmeldinga viser at kommunen har høg aktivitet og eit breitt fokus i sitt virke. Folkevalde og tilsette har alle ei viktig rolle i Gulen kommune sitt samfunnsoppdrag – yte gode tenester og med det sikre at Gulen er ein god og trygg kommune å bu i.

Kravet til kommunane aukar stadig både når det gjeld kvalitet, effektivitet, integritet og ivaretaking av omdømmet i tenestene. Det vil alltid vere eit overordna mål at dei som har rett på ei teneste skal få den hjelpe dei treng frå kommunen, med så god kvalitet som mogeleg. Årsmeldinga viser at kommunen legg mykje arbeid i kompetanseutvikling for å sikre god kvalitet i tenestene. Offensiv satsing på lærlingar er eit viktig verkemiddel for å sikre god rekruttering og framtidig kvalitet.

Kommunen har fokus på å få ei meir rasjonell og effektiv drift. Gjennom auka satsing på digitalisering og meir elektroniske arbeidsprosessar i nye og oppgraderte fagsystem sikrar me at arbeidet går rett veg. Dei seinare åra har me opplevd auka forventningar til at kommunane skal levere betre resultat på arbeidet med beredskap, internkontroll og systemutvikling. I 2018 har det vore arbeidd mykje med å sikre at kommunen tilfredsstiller Datatilsynet sine strengare krav til protokollering og sikring av personopplysningar.

Kommunen fekk i 2018 utbetalt kr 36,2 mill frå Havbruksfondet. Økonomisk sett kan vi difor sei at 2018 var eit godt år. Driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 34,8 mill. Havbruksmidlar vart sett av til fond. Kommunen står då igjen med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1,8 mill. (mot kr 0,2 mill. året før). Det rekneskapsmessige resultatet i 2018 seier at faktisk pengebruk vart om lag som kommunestyret planla medan faktiske inntekter vart noko høgre enn forventa. Me har mange flinke leiarar og einingsleiarar som sikrar at kommunen har god økonomistyring.

Utbetaling gjennom den nye ordninga med havbruksmidlar kan sikre kommunen gode inntekter i åra som kjem. 2018 var første år med store utbetalingar frå Havbruksfondet. Det er imidlertid frå statleg hald sett ned ei nemnd som skal vurdere korleis fordeling av framtidige havbruksmidlar skal gjennomførast. Førebels er det difor administrasjonen si tilnærming at desse midlane vert å sjå på som ei kjærkommen ekstrainntekt som me må forvalte som sparepengar fram til me har ei sikkerheit for kva Gulen kommune sine framtidige havbruksinntekter vil ligge på. Det økonomiske handlingsrommet framover er difor noko uavklart.

Me fekk sluttført viktige investeringar i 2018. Ny omsorgsbustader på Dalsøyra, bustadfelt og utleigebustader i Eivindvik, ny barnehage i Hovden og utvida barnehage i Brekke er nokre av dei største prosjekta. Kjekt å kunne kvittere ut viktige prosjekt som innbyggjarane i kommunen har venta på.

Eg syns det er svært givande å jobbe for lokalsamfunnet, og sjølv om det kan vere travle dagar finn eg stor glede i å samarbeide med politisk nivå, tilsette, tillitsvalde, næringslivet og frivilleg sektor. Tusen takk til dykk alle for innsatsen i 2018!

Gulen, 29. mars 2019  
Reidun K. Halland  
rådmann

## ØKONOMISK STATUS

### **Utviklingstrekk i driftsrekneskapen**

(alle tal i kr)	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Auke
	2014	2015	2016	2017	2018	2017-18
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>						
Brukabetingar	6 811 387	7 786 160	7 822 067	9 120 520	<b>9 377 725</b>	2,8 %
Andre sals- og leigeinntekter	12 724 823	13 372 979	13 568 756	16 104 537	<b>16 550 976</b>	2,8 %
Overføringer med krav til motytingar	30 281 285	31 015 783	33 482 585	34 435 848	<b>41 066 517</b>	19,3 %
Rammeoverføringer	91 745 466	91 744 958	92 749 447	94 265 368	<b>100 992 950</b>	7,1 %
Andre statlege overføringer	4 437 978	4 774 429	9 648 928	9 064 811	<b>44 556 753</b>	391,5 %
Andre overføringer	8 256 024	8 855 063	2 263 051	2 574 777	<b>4 342 626</b>	68,7 %
Inntekts- og formueskatt	61 093 026	62 352 564	71 148 126	70 894 196	<b>66 356 527</b>	-6,4 %
Eigedomsskatt	12 029 552	14 980 829	15 246 034	15 295 712	<b>21 824 103</b>	42,7 %
Andre direkte og indirekte skattar	339 309	350 643	367 130	367 130	<b>367 130</b>	0,0 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>227 718 850</b>	<b>235 233 408</b>	<b>246 296 124</b>	<b>252 122 898</b>	<b>305 435 307</b>	21,1 %
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>						
Lønsutgifter	129 462 299	134 082 259	141 417 676	147 503 359	<b>153 305 916</b>	3,9 %
Sosiale utgifter	31 817 629	32 378 260	29 920 747	32 077 689	<b>32 730 714</b>	2,0 %
Kjøp som inngår i kom. tenesteproduksjon	28 363 793	28 656 371	34 348 433	34 383 290	<b>37 934 627</b>	10,3 %
Kjøp av som erstattar kom. tenesteprod.	20 970 064	21 561 407	23 915 393	26 756 258	<b>24 684 092</b>	-7,7 %
Overføringer	12 343 711	11 962 670	13 878 436	17 271 483	<b>20 606 895</b>	19,3 %
Avskrivningar	5 191 351	5 803 424	6 436 409	6 535 253	<b>7 353 866</b>	12,5 %
Fordelte utgifter	-3 183 303	-2 535 144	-5 436 465	-5 079 384	<b>-6 007 697</b>	18,3 %
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>224 965 544</b>	<b>231 909 247</b>	<b>244 480 629</b>	<b>259 447 949</b>	<b>270 608 413</b>	4,3 %
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>2 753 306</b>	<b>3 324 161</b>	<b>1 815 495</b>	<b>-7 325 051</b>	<b>34 826 894</b>	
<b>FINANSINNTEKTER</b>						
Renteinntekter og utbytte	4 352 774	3 052 483	3 055 885	3 087 308	<b>2 882 182</b>	-6,6 %
Mottekne avdrag på lån	154 036	119 240	133 280	99 103	<b>94 600</b>	-4,5 %
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>4 506 810</b>	<b>3 171 723</b>	<b>3 189 165</b>	<b>3 186 410</b>	<b>2 976 782</b>	-6,6 %
<b>FINANSUTGIFTER</b>						
Renteutgifter og låneomkostningar	2 280 148	2 079 309	1 909 758	2 424 884	<b>2 625 605</b>	8,3 %
Avdrag på lån	4 336 181	5 248 892	5 248 892	7 088 892	<b>7 598 032</b>	7,2 %
Utlån	314 035	26 541	2 500	8 744	<b>115 799</b>	1224,3 %
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>6 930 364</b>	<b>7 354 742</b>	<b>7 161 150</b>	<b>9 522 520</b>	<b>10 339 436</b>	8,6 %
<b>Resultat finanspostar</b>	<b>-2 423 554</b>	<b>-4 183 019</b>	<b>-3 971 985</b>	<b>-6 336 109</b>	<b>-7 362 654</b>	16,2 %
Motpost avskrivningar	5 191 351	5 803 424	6 436 409	6 535 253	<b>7 353 866</b>	12,5 %
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>5 521 103</b>	<b>4 944 566</b>	<b>4 279 919</b>	<b>-7 125 907</b>	<b>34 818 106</b>	
Justeringsfaktorar*	4 554 003	6 906 955	236 627	-5 529 286	<b>31 711 475</b>	
<b>Justert netto driftsresultat</b>	<b>967 100</b>	<b>-1 962 389</b>	<b>4 043 292</b>	<b>-1 596 621</b>	<b>3 106 631</b>	
<b>Rekneskapsmessig resultat</b>	<b>3 214 913</b>	<b>5 355 444</b>	<b>3 994 503</b>	<b>219 770</b>	<b>1 811 114</b>	

\*Her er lagt inn inntekter fra NORM-kompensasjon 2013-2016, utgifter til veg Skipavika, breibandsnett, nytaksering eigedomsskatt og rettsleg avklaring om NORM-kompensasjon i 2017-18, og inntekt fra Havbruksfondet i 2018. Desse inntektene og utgiftene kjem i tillegg til dei «vanlege» inntektene og utgiftene i driftsrekneskapen, og gjer at driftsresultatet kan variere mykje frå år til år.

#### Driftsinntektene

Dei største inntektspostane for kommunen er Rammeoverføringer og Inntekts- og formueskatt. Gulen kommune opplevde nedgang i skatteinntektene med heile 6,4 % (kr 4,5 mill.) i meldingsåret, mot ein gjennomsnittleg landsvekst på 3,8 %. Skatteinntektene i Gulen vart med dette på 92,2 % av landsgjennomsnittet i 2018 (det lågaste nivået sidan 2008), mot 100,4 % i 2017 og 104,5 % i 2016. Den høge skatteveksten nasjonalt førte til at skattesvikten for Gulen kommune vart meir enn utlikna av auka inntektsutjamning, som ga auke i rammeoverføringane med heile 7,1 % (kr 6,7 mill.).

Eigedomsskatt auka med 42,7 % (kr 6,5 mill.) i 2018 som følgje av nye skattetakstar og noko inntekt frå nye objekt.

Brukabetingar auka som pris- og lønsvekst, med 2,8 %. Brukarbetalingane ved Gulen sjukeheim utgjer om lag halve inntekta, barnehage- og SFO-betaling utgjer og mykje.

Andre sals- og leigeinntekter, som i hovudsak gjeld ulike gebyr innafor teknisk sektor og husleigeinntekter, auka og med 2,8 %.

Overføringer med krav til motyting auka med 19,3 % (kr 6,6 mill.). Refusjon for utgifter til ressurskrevjande brukarar, sjukelønsrefusjon og kompensasjon for meirverdiavgift er dei største inntektpostane, og dei to først nemnde auka meir enn normalt i 2018, mykje som følgje av høgare sjukefråvær.

Andre statlege overføringer auka med heile 391,5 % (kr 35,5 mill.) i 2018, som følgje av at kommunen fekk kr 36,2 mill. i inntekt frå Havbruksfondet.

Posten Andre overføringer auka med 68,7 % (kr 1,8 mill.) i 2018, i hovudsak som følgje av auka tilskot frå fylkeskommunen til utbygging av breiband.

Samla auka driftsinntektene med heile 21,1 % (kr 53,3 mill.) i 2018, og runda for første gong kr 300 mill.

### Driftsutgiftene

Lønsutgiftene steig med 3,9 % (kr 5,8 mill.), som følgje av generell lønsauke og noko stillingsauke. Sosiale utgifter (arbeidsgjevaravgift og pensjonspremie) auka med 2,0 %.


Dei andre hovudpostane, til saman 31,3 % av samla driftsutgifter, auka med 5,9 % (kr 4,7 mill.). Om lag kr 2,4 mill. i auka utbetalingar knytt til breiband, kr 1,2 mill. i auka sosialstønad og kr 0,4 mill. i høgare brøyteutgifter enn i 2017 forklarer mykje av auken. Samla auka driftsutgiftene med 4,3 % (kr 11,2 mill.) i 2018.

### Finanspostane

Aukande lånegjeld dei siste åra har gitt aukande negativt resultat av finanspostane, frå om lag kr 0 i 2010 til opp mot minus kr 7,4 mill. i 2018. Avdraga auka med kr 0,5 mill. i 2018.

Gulen kommune har likevel lågare netto lånegjeld enn landsgjennomsnittet, målt i høve til brutto driftsinntekter.

### **Økonomisk resultat**



### Brutto- og netto driftsresultat, justert netto driftsresultat

Brutto driftsresultat var kr 34 826 894 i 2018. Brutto driftsresultat er mindreforbruket (overskotet) etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er teke med.

Netto driftsresultat var på kr 34 818 106. I netto driftsresultat er finanspostane med, men avskrivningane er "nulla ut". I staden er avdraga inkludert.

Årsoppgjersdisposisjonar som bruk av fond og avsetting til fond inngår ikkje i driftsresultatomgrepa. Både brutto og netto driftsresultat vart difor rekordhøge i 2018, trass høge avsettingar til disposisjonsfond.

Gulen kommune innførte for ein del år sidan resultatmålet «Justert netto driftsresultat» (JND), for å vise korleis dei "vanlege" utgiftene er i høve til dei "vanlege" inntektene. Kommunen har hatt enkelte sterkt varierande inntektpostar i rekneskapen, i første rekkje NORM-kompensasjonen til Gulen kommune for lagring av lågradioaktivt materiale i kommunen (Normally Occured Radioactive Material). I 2018 er inntekta frå Havbruksfondet, som utgjorde

om lag kr 36,2 mill. og er signalisert å kunne gje liknande inntekter annakvart år framover, rekna som ein slik post.

Justeringsfaktorane i 2017 og 2018 gjeld og ekstraordinære postar på utgiftssida. I 2018 er tilskot til veg til Skipavika (kr 2,5 mill.), kommunalt tilskot til utbygging av breiband (kr 1 353 952), prosessutgifter knytt til NORM-rettssak (kr 386 439) og nytaksering i samband med eigedomsskatt (kr 226 425), til saman kr 4 466 816, rekna som slike postar. Etter dette vart JND på om lag kr 3,1 mill. i 2018.

#### Tilrådd resultatmargin, 1,75 % av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat er eit mykje nytta måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. Ein "sunn" kommuneøkonomi inneber ein driftsmargin på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter (om lag det same som eit resultat rundt 0 i privat sektor), utifrå utrekningar gjort av Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (nov. 14). Dette utgjorde i 2018 om lag kr 5,3 mill. for Gulen kommune, som er indikert med den stipla linja i figuren over.

2018-resultatet var langt over TBU (Teknisk berekningsutval for kommunesektoren) sin tilrådde standard resultatmargin. Dette skuldast i stor grad at kommunen vart tilført inntekter på om lag kr 36,2 mill. i meldingsåret frå Havbruksfondet, den nye nasjonale ordninga som sikrar kystkommunane inntekter i samband med nye lokalitetar og konsesjonsvekst i havbruksnæringa.

#### Rekneskapsmessig resultat (RR)

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsettingar og andre årsoppgjersdisposisjonar. RR fortel om kommunestyret sin planlagde pengebruk og forventa inntekter (budsjett) samsvarar med faktisk pengebruk og faktiske inntekter (rekneskap). Resultatmålet skal i teorien syne kr 0 med fullgod økonomistyring, men vil ofte syne noko mindreforbruk på grunn av løyvingar som ikkje fullt ut vart nytta i meldingsåret og eit rettmessig fokus på å unngå overskridning av utgiftsrammene. Driftsrekneskapen for 2018 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 811 114. Hovudårsaken til dette er noko høgare inntektsside (om lag kr 2,9 mill.) enn budsjettet, medan utgiftssida vart om lag som budsjettet. Nokre løyvingar i 2018 som ikkje vart fullt ut nytta/utbetalte dette året, mellom anna til breiband, må vurderast budsjettet opp att i 2019. Disponering av unytta midlar frå 2018 vert gjort i politisk sak om godkjenning av årsrekneskapen, i løpet av 1. halvår 2019.

#### **Driftsavvik fordelt på resultateiningar**

Rammeområde	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Revidert budsjett 2018	Avvik i krone	Avvik i %
100 Ymse føremål	23 960 116	23 004 864	24 056 496	29 127 367	29 396 932	31 834 346	-2 437 414	-7,7 %
200/250 Oppvekst	3 618 469	3 698 141	3 969 852	3 738 648	3 260 141	3 470 367	-210 226	-6,1 %
211 Brekke barnehage og skule	11 587 954	11 884 361	12 182 819	12 277 388	12 526 393	12 398 479	127 914	1,0 %
212 Byrknes barnehage og skule	8 624 725	9 006 354	9 702 307	9 628 371	9 332 291	9 888 473	-556 182	-5,6 %
213 Dalsøyra barnehage og skule	12 299 520	12 421 753	13 017 821	13 012 713	13 937 495	13 676 878	260 617	1,9 %
214 Eivindvik barnehage og skule	12 499 526	12 933 369	14 895 521	16 652 546	18 033 693	17 112 193	921 500	5,4 %
300 Omsorg			7 965 937	8 161 751	7 976 483	9 005 508	-1 029 025	-11,4 %
310 Helse	16 820 147	15 186 717	9 384 971	10 636 598	10 116 649	10 997 670	-881 021	-8,0 %
355 NAV	2 190 032	2 478 440	5 026 353	5 832 768	5 969 819	6 035 260	-65 441	-1,1 %
360 Barnevern	2 316 533	2 030 191	2 244 971	2 024 159	2 065 339	2 223 309	-157 970	-7,1 %
371 Eivindvik sone	30 952 987	28 783 854	29 873 953	29 141 798	29 059 942	30 836 925	-1 776 983	-5,8 %
376 PU-tenesta	12 004 197	13 533 754	14 401 798	15 454 862	15 862 347	15 727 025	135 322	0,9 %
377 Sone BBD	16 815 532	17 773 363	18 875 836	19 212 947	21 270 872	20 990 912	279 960	1,3 %
400 Plan, landbruk og teknisk/ 450 Eigedom	21 972 847	23 823 012	25 948 413	23 764 908	29 129 632	28 360 476	769 156	2,7 %
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>175 662 585</b>	<b>176 558 173</b>	<b>191 547 048</b>	<b>198 666 824</b>	<b>207 938 028</b>	<b>212 557 821</b>	<b>-4 619 793</b>	<b>-2,2 %</b>

#### Avvik i høve til budsjett 2018

Seks av rammeområda hadde meirforbruk - dette vart meir enn vege opp av mindreforbruk på dei andre rammeområda. Nokre av avvika vert kommenterte særskilt under:

- Rammeområde 100 Ymse føremål brukte kr 2,4 mill. (7,7 %) mindre enn budsjettet, av dette utgjorde lågare utbetalingar til breiband kr 0,7 mill., unytta ramme til ekstraløyvingar

kr 145 000 og lågare utgifter til prosjekt Eigedomsskatt kr 350 000. Mindreforbruket var elles fordelt på ei rekke postar.

- 212 Byrknes barnehage og skule brukte noko over kr 0,5 mill. (5,6 %) mindre enn budsjettet, som mykje skuldast lågare lønsutgifter enn budsjettet.
- 214 Eivindvik barnehage og skule brukte kr 0,9 mill. (5,4 %) meir enn budsjettet, som mykje skuldast høgare lønsutgifter enn budsjettet.
- 300 Omsorg hadde eit mindreforbruk på kr 1,0 mill. (11,4 %), som i hovudsak skuldast lågare utgifter enn budsjettet knytt til omsorgstiltak.
- 310 Helse hadde eit mindreforbruk på kr 0,9 mill. (8,0 %), som i hovudsak skuldast høgare brukarbetaling og refusjon frå staten enn budsjettet til den nyopprettet kommunale legetenesta.
- 371 Eivindvik sone nytta kr 1,8 mill. (5,8 %) mindre enn budsjettet. Lågare belegg, noko samkjøring av avdelingar ved Gulen sjukeheim og reduksjon av stillingar etter vedtekne innsparringskrav i ny omsorgsplan er hovudårsaker.
- 400 Plan, landbruk og teknisk/450 Eigedom nytta kr 0,8 mill. (2,7 %) meir enn budsjettet. Utgiftene til vegvedlikehald og brøyting vart til saman kr 1,4 mill. høgare enn budsjettet, og utgjorde såleis meir enn meirforbruket.

Samla mindreforbruk på rammeområda var kr 4,6 mill. (2,2 %).

#### Utviklinga i utgifter frå 2017 til 2018

Driftsutgiftene auka med kr 9,3 mill. i 2018 (4,7 %), etter auke på kr 7,1 mill. (3,7 %) i 2017. Ni av rammeområda hadde auke i 2018, medan fem hadde reduksjon. Høgast auke hadde 400 PLT/450 Eigedom med 22 %, som mellom anna skuldast deling i to einingar pr 01.07.18, auka satsing på vedlikehaldstiltak gjennom budsjettåret og meirforbruk innafor feiarvesenet, 377 Sone BBD med 10,7 %, som mellom anna skuldast stillingsauke, Dalsøyra skule og barnehage med 8,4 % etter stillingsauke knytt til den nye barnehagen i Hovden-feltet, og Eivindvik skule og barnehage med 8,4 % etter stillingsauke knytt til fleirspråklege elevar og spesialpedagogiske tiltak.

#### **Investeringsrekneskapen**

Dei samla investeringane i anleggsmidlar var kr 31,1 mill. i 2018. I tillegg ligg eigenkapitalinnskot i KLP (kr 0,8 mill.), kommunale utlån (kr 2,9 mill. i husbankutlån og -avdrag), inndecking frå 2017 (kr 1,7 mill.) og avsettingar (kr 0,1 mill.) på utgiftssida, slik at samla finansieringsbehov vart kr 36,1 mill. Finansieringsbehovet vart dekt inn med lån (kr 12,2 mill.), inntekter frå tomtesal (kr 0,1 mill.), meirverdiavgiftskompensasjon (kr 4,3 mill.), mottekne avdrag og refusjonar (kr 1,6 mill.), tilskot frå andre (kr 10,8 mill., i hovudsak knytt til omsorgsbustader Dalsøyra (kr 6,8 mill.), utlegebustader Eivindvik (kr 2,9 mill.) og klatrepark Brekke (kr 0,8 mill.)), og bruk av avsettingar (kr 7,4 mill.).

Dei største investeringsutgiftene i 2018 var knytt desse prosjekta: Omsorgsbustader Dalsøyra (kr 14,0 mill.), bustadfelt Eivindvik (kr 4,5 mill.), utlegebustader Eivindvik (kr 3,8 mill.), ny barnehage Hovden (kr 2,3 mill.), oppgradering av kommunale vegar (kr 1,8 mill.) og sprinklaranlegg ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter (kr 1,3 mill.).

<b>Andre investeringsprosjekt i 2018</b>	
Arbeidsbil PLT/Eigedom	Vassforsyningstiltak
Ånneland vassverk	Avløpssanering Nesevågen
Utviding av Brekke barnehage	Veglys ved Eivindvik skule
Ventilasjonsanlegg Eivindvik skule og Dalsøyra skule	Brannsikring og oppgradering bygg
Dagsturhytte	Trafikktryggingstiltak
IKT-investeringar	Sentrumstiltak Eivindvik

Opphaveleg investeringsbudsjett for anleggsmidlar i 2018 var på kr 16,3 mill. Gjennom året vart budsjettet auka til kr 48,8 mill. som følgje av overføringer av unytta løvvingar frå 2017 til 2018 på grunn av lågare framdrift i 2017 enn lagt opp til. Samla investeringsnivå vart altså om lag kr 17,7 mill. lågare enn i revidert budsjett. Etterslepet er planlagt budsjettet inn att i 2019, som i utgangspunktet har eit investeringsnivå på kr 31,7 mill.

## Balanserekneskapen

Balansen er sterkt påverka av vurderinga av storleiken på kommunen sine framtidige pensjonsplikter. I 2018 auka desse med kr 9,2 mill., til kr 360,1 mill. Dei utrekna pensjonsmidlane (kommunen sine «sparepengar» i pensjonskassene, som skal nyttast til å innfri pliktene) auka med kr 26,0 mill., til kr 313,9 mill. Utrekna eigenkapital auka med heile kr 67,3 mill. til kr 193,9 mill.

Netto lånegjeld (lån minus unytta lånemidlar) var kr 153,7 mill. pr 31.12.18, mot kr 150,3 mill. året før.

## Økonomiske nøkkeltal

(alle tal i kr)	Økonomiske nøkkeltal frå Gulen samanlikna med andre kommunar (førebelse tal frå KOSTRA)						
	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gulen 2017	Gulen 2018	Gruppe 05* 2018	Alle 2018
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	29,4	29,2	36,7	21,1	30,2	24,4	19,7
Frie inntekter i kroner pr innbyggjar	65 455	65 020	69 126	70 430	72 071	76 900	55 132
Langsiktig gjeld eks. pensjonsplikter i prosent av brutto driftsinntekter	44,5	59,5	62,5	56,7		86,4	96,9

\*Gruppe 05 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels frie inntekter.

Arbeidskapital (omloppsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningane sine til rett tid. Gulen kommune har over gjennomsnittleg god likviditet, og arbeidskapitalen auka att i 2018, etter reduksjon i 2017.

Frie inntekter er skatteinntektene og overføringane gjennom inntektssystemet, som ein kommune kan disponere utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og reglar. Gulen og dei andre Gruppe 05-kommunane har relativt høge «frie inntekter» på grunn av høgt utgiftsbehov som følgje av mange innbyggjarar i høg alder og stort areal pr innbyggjar. Dei frie inntektene i Gulen auka høvesvis lite i 2018, og er under gjennomsnittet for kommunegruppe 05.

Langsiktig gjeld eks. pensjonsplikter har auka noko i Gulen dei siste åra. Måltalat i tabellen over, som ser gjeld i høve til brutto driftsinntekter, gjekk ned i 2018 fordi brutto driftsinntekter auka mykje dette året.

## KOSTRA-samanlikningar

Systemet KOSTRA (KOmmune-STat-Rapportering), som er forvalta av Statistisk Sentralbyrå ([www.ssb.no](http://www.ssb.no)), gjev grunnlag for samanlikning av kommunar når det gjeld ressursbruk. Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Gulen kommune sin del:

- Innbyggjartalet gjekk ned med 23 personar, til 2 322, med litt fleire i barnehagealder og i gruppa 67-79 år, og litt færre i skulealder og i gruppene 16-66 år og over 80 år. Netto utflytting utgjorde 21 personar, mot 18 i 2017. Fødselstalet var 24, mot 20 i 2017, medan fødselsoverskotet var på minus 2.
- Kommunale prioriteringar: Tal for dei store tenesteområda Grunnskule, Helse og omsorg og Barnehage syner høgare netto driftsutgifter enn snittet for samanlikningsgruppa 05 innafor grunnskuleopplæring og helse- og omsorgstenester, og lågare enn snittet innafor barnehagar.
- Vekting av tenestene: Barnehage, Grunnskuleopplæring, Helse og omsorg, Samferdsle, Bustad og Brann- og ulukkesvern utgjorde noko større del av nettoutgiftene i Gulen kommune enn i gruppe 05-snittet, medan utgiftene til Administrasjon og styring, Sosialteneste, Barnevern, sjølvkosttenestene Vatn, Avløp og Renovasjon, Fysisk planlegging/kulturminne/natur/nærmiljø, Kultur, Kyrkje og Næring var lågare.

Innbyggjarar i Gulen pr. 31.12.	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
0-5 år	129	123	130	123	123	129	138	146	138	144
6-15 år	324	311	300	297	292	277	287	277	281	267
16-66 år	1 442	1 461	1 471	1 470	1 476	1 480	1 482	1 475	1 454	1 438
67-79 år	250	250	259	267	271	295	315	320	314	322
80 år og over	157	151	150	148	153	154	148	153	158	151
Til saman	2 302	2 299	2 310	2 305	2 315	2 335	2 370	2 371	2 345	2 322

Folkemengd, alder, pr. 31.12., %	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
0-5 år	5,6	5,4	5,6	5,3	5,3	5,5	5,8	6,1	5,9	6,2
6-15 år	14,1	13,5	13,0	12,9	12,6	11,9	12,1	11,7	12,0	11,5
16-66 år	62,6	62,6	63,7	63,8	63,8	63,4	62,5	62,1	62,0	61,9
67-79 år	10,9	10,9	11,2	11,6	11,7	12,6	13,3	13,5	13,4	13,9
80 år og over	6,8	6,5	6,5	6,4	6,6	6,6	6,2	6,5	6,7	6,5

Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr)	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gulen 2017	Gulen 2018	Gr. 05 2018	Landet 2018
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	134 716	145 077	123 526	155 913	160 289	170 245	154 068
Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskoleopplæring	149 718	151 732	165 148	165 858	180 034	165 659	112 892
Netto driftsutg. pr innbyggjar, helse- omsorgstenester		39 958	42 904	45 117	47 656	43 362	26 506

Netto driftsutgifter for ymse tenester, målt i % av totale netto driftsutgifter	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gulen 2017	Gulen 2018	Gruppe 05 2018	Landet 2018
Administrasjon og styring	12,1	11,6	10,9	11,2	10,6	13,5	7,7
Barnehage	8,9	8,9	8,9	9,2	9,8	8,9	14,4
Grunnskoleopplæring	25,3	25,9	25	24,2	24,8	21,9	23,0
Helse og omsorg	47,5	45,1	44,2	43,4	43,7	40,6	35,5
Sosialteneste	1,7	1,6	2,7	2,9	3,0	4,3	6,4
Barnevern	1,5	1,2	1,2	1,0	1,0	2,0	3,8
Vatn, avløp, renovasjon/avfall	0,0	0,0	0,2	0,2	-0,3	-0,1	-0,4
Fysisk planlegging/kulturminne/natur/næringsmiljø	0,9	0,5	1	0,5	0,6	1,2	1,3
Kultur	2,1	1,4	1,2	1,6	1,4	2,9	4,0
Kyrkje	1,5	1,8	1,8	1,4	1,5	1,6	1,1
Samferdsle	2,8	3,0	2,8	2,5	3,8	2,9	1,6
Bustad	0,0	0,5	0,3	-0,2	0,2	0,0	0,2
Næring	-3,0	-3,4	0,6	0,5	0,1	0,2	-0,1
Brann og ulukkesvern	2,0	2,0	1,9	2,1	2,0	1,9	1,4
Ymse (t.d. premieavvik)	0,0	-0,1	0	-0,5	-2,2	-1,8	0,1

## Kommunebarometeret - kvalitetsmåling

Basert på KOSTRA har Kommunal Rapport utvikla eit grunnlag for å samanlikne tenestekvalitet i kommunane i høve til ressursinnsats - Kommunebarometeret. Gulen kommune var på 221. plass av 422 kommunar i 2018 (276.-plass etter justering for inntektsnivå) - utifra 2017-indikatorane for målinga. Når det gjeld tenesteområde skårar kommunen vesentleg over snittet på Grunnskule, Helse og Sosialhjelp, og vesentleg under på Barnevern og Kultur.

## PERSONALSTATUS

### Godkjende stillingar

Bemanning ved årsslutt året:	2014	2015	2016	2017	2018
Godkjende stillingar (inkl. vedtekne endringar for budsjettåret), årsverk	237,3	257	259	260,1	259

Tal godkjente stillingar ligg samla for kommunen om lag på same nivå som fjeråret. Det har vore reduksjon av stillingar innan pleie og omsorg – med størst reduksjon på sjukeheimen. Det private legesenteret vart gjort om til kommunalt legesenter i løpet av 2018, der vi pr 31.12.18 hadde 4,3 godkjende stillingar. Flyktningadministrasjonen vart redusert frå to til ei stilling i løpet av året grunna færre flyktningar. Det er noko auke av stillingar innan barnehagane, som skuldast inntak av fleire born. Det er også små korrigeringar innan dei andre einingane.

### Sjukefråvær

Eigenmeld og legemeld sjukefråvær (%)	2014	2015	2016	2017	2018
Gulen kommune	6,6	7,5	6,0	6,7	8,9

Tala er henta frå kommunen sitt eige fråværssystem, som inneholder både legemeld og eigenmeld sjukefråvær. Frå eit relativt stabilt nivå mellom 6,0 og 7,5 % dei siste åra auke fråværret i 2018 til 8,9 %. Samanlikna med 2017 er det auke på både kort, middels og langt sjukefråvær, men med noko større auke på langtidsfråværet (>57 dagar). Auken er i første rekke innafor oppvekstsektoren og Plan, Lanbruk og teknisk/Eigedom. Innan pleie- og omsorgssektoren er auken samla sett relativ liten. Årsakene til sjukefråvær er samansett, og det er viktig å heile tida ha fokus på førebygging og tilrettelegging.

## **Samarbeid med fagorganisasjonane**

I 2018 var det seks møte med alle hovudtillitsvalde samla, mellom anna med drøfting og evaluering i samband med lokale lønsforhandlingar, drøfting av handlings- og økonomiplan, budsjett, deltid, bruk av vikarbyrå/innleige, høyringar osb. Det har også vore drøftingar med hovudtillitsvalde enkeltvis eller i grupper ved behov – mellom anna om arbeidstidsordningar, bemanning, tilsetjingar, omorganiseringar og ved individuelle saker.

## **Kompetanseutvikling**

Gulen kommune sin kompetanseplan er gjeldande i perioden 2015-2019. Fleire tilsette er ferdige med utdanningar som følge av kompetanseplanane, og andre er i gang med utdanningar. Sju medarbeidarar tok fagprøva i 2018; to som barne- og ungdomsarbeidar, to som helsefagarbeidar, ein i byggdriftarfaget og to i kokkefaget. Fleire medarbeidarar jobbar med å opparbeide nok praksis til å gå opp til fagprøva, mellom anna som helsefagarbeidar og barne- og ungdomsarbeidar. Vi har også medarbeidarar som held på med sjukepleiarutdanning. Fem lærarar har fullført vidareutdanning i matematikk og engelsk i 2018, og fleire lærarar held på med vidareutdanning, i mellom anna matematikk og spesialpedagogikk. Ein barnehagelærar fullførte utdanninga i 2018. Det er gjennomført ei rekke andre kompetansehevingstiltak ved skular og barnehagar, og elles i kommunen i tråd med vedtekne kompetanseutviklingsplanar. Vi har pr 31.12.18 til saman seks lærlingar; innan helsefag og barne- og ungdomsarbeidararfaget. Kommunen er med i ALIS-prosjektet gjennom samarbeid med andre kommunar, der ein av våre legar deltek.

## **Helse, miljø og tryggleik (HMT)**

Det har vore 1 møte i arbeidsmiljøutvalet. Tema for vernerundane 2018 var ergonomi. Det vart arrangert vernedag i dette temaet for einingsleiarar og verneombod. Bedriftshelsetenesta (Stamina) vart nytta til informasjon og kurs i nokre av einingane, oppfylging av sjukemelde og rådgjeving/involvering i konkrete arbeidsmiljøsaker. I tillegg hadde Stamina individuelle arbeidsplassvurderingar.

## **Betryggande kontroll og etisk standard**

Kommunen har rutinar og handlingsplanar for det overordna internkontrollarbeid som skal sikre at lovverk og rutinar vert etterlevd. Internkontrollarbeidet omfattar både kvalitet, effektivitet, integritet og ivaretaking av omdømme i tenestene. Kommunen har ei offensiv haldning kva gjeld digitalisering, noko som er nyttig både i arbeidet med forbetring av rutinar og førebygging av misleghald. Kommunen nyttar m.a. elektronisk styringssystem for utarbeiding av rutinar og handsame avvik, e-rutinar innan post, arkiv, økonomi, og handel/anbod. Gjennom samarbeid med andre kommunar arbeider me med kontinuerleg utvikling i rutinar/system. Kommunen legg vekt på at vår tenesteyting skal skje i samsvar med våre etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Gulen kommune. Retningslinjene viser også til verdiplattforma vår, "Samarbeid for utvikling", som seier korleis vi bør opptre, og kva overordna mål tilsette skal jobbe etter. Verdiplattforma skal henge synleg på alle arbeidsplassar, og jamleg reflekterast over på personalmøte.

## **Diskriminering og likestilling**

Gulen kommune har som mål at usakleg forskjellsbehandling ikkje skal skje ved tilsetjing eller annan sakshandsaming. Vi drøfter reduksjon av deltidsstillingar med tillitsvalde og samarbeidar tett med tillitsvalde i tilsetjingssaker. Gulen kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass, og praktiserer likestilling. Godt utbygde velferdsordningar gjer kommunen til ein konkurransedyktig arbeidsplass, særskilt for kvinner. For å stimulere til fleire kvinnelege næringsetableringar vert kvinner prioriterte når det gjeld tilskot frå næringssfondet. 9 av 15 toppleiarar i Gulen kommune er kvinner. Om lag 80% av tilsette i Gulen kommune er kvinner.

## **ADMINISTRASJON, POLITIKK OG SAMFUNNSUTVIKLING**

### **Sentraladministrasjonen**

Sentraladministrasjonen består av Rådmannen m/stab, Ekspedisjonsavdelinga, Løns- og personalavd. og Økonomiavd. Ei viktig oppgåve er å førebu og følgje opp politiske saker til kommunestyre, formannskap, hovudutval og ymse andre råd og utval. Behandling av sektorovergripande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellesstenester for heile kommuneorganisasjonen er andre viktige arbeidsoppgåver.

### **Fellestenestene**

Rådmannen si leiargruppe har hatt fast møte på måndagane, einingsleiarane har samlast kvar månad og «husmøte» på kommunehuset har vore på planen månadleg. Desse organisasjonsinterne møta har auka kvaliteten på det samla arbeidet i kommunen.

Innfasing og oppgradering av elektroniske løysingar innafor dokument-, kvalitets- og løns- og personalsystem, telefoni, innkjøp, fakturabehandling og tilsetting har halde fram i meldingsåret. Nytt økonomisystem inkl. løns- og personalsystem frå 2017 har kravd noko meir ressursbruk enn normalt også i 2018, elles har avslutting av arkivperiode og overgang til ACOS Websak Fokus vore ekstra ressurskrevjande i 2018. Innføring av GDPR har auka fokuset på rett behandling av personopplysningar.

I saksbehandlingssystemet vart registrert 2354 saker (1481 i 2017), 11761 journalpostar (10433 i 2017) og 76 elektroniske møteutsendingar (92 i 2017). Infoposten vart utgitt med seks nr.

Fokus på beredskap var relativt høgt, med fleire øvingar og samlingar, men ikkje særskilde vesentlege hendingar utover eit uver i september med to mindre ras og straumutfall.

### **Politikk**

<b>Utvikling i tal politiske saker</b>		
	<b>Kommunestyret</b>	<b>Formannskapet</b>
2018	91	57
2017	96	74
2016	101	66
2015	127*	61
2014	71	70

\*Det høge talet for kommunestyresaker i 2015 skuldast utpeiking av medlemmar til ymse råd og styrer i samband med kommuneval.

Av viktige saker som vart behandla i kommunestyret i meldingsåret kan nemnast godkjenning av intensjonsavtale for visningssenter knytt til Tusenårsstaden Gulatingset, reguleringsplanar for Mjåsund næringspark, Ortneset, Gulen Industrihamn og Skipavika Næringspark, innmelding i Region Bergen Reiseliv frå 2019, utmelding av Visit Fjordkysten AS frå 2019, ny organisering av NAV, sak om samarbeid i «randkommunane» i Nordhordland, revisjon av plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019-22, høyringssaker, forskrifter og reglement, økonomisaker og arealplanleggingssaker.

Gulatingsprisen vart delt ut til Oddfinn Nyhammer på kommunestyremøtet i desember.

### **Samfunnsutvikling**

Telia sette i drift nye basestasjonar for mobilkommunikasjon (tale og datatrafikk) i Dingja og Nordgulfjorden ved inngangen til 2018, med tilskot frå NKOM, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune. Kontrakt mellom kommunen og Telenor om utbygging av fiberbreiband til opp mot 80 % av hussstandane i Gulen vart inngått i juni, etter ein anbodsprosess med god konkurranse mellom tre tilbydarar. Sjølve utbygginga skal vere ferdig i 2019.

Den nye vegen frå Skipavika til Brandangersund bru vart nesten ferdig i 2018. Opning og overføring til fylkeskommunen vil truleg finne stad i første halvår 2019.

Etableringshjelp, profilering av kommunen gjennom eigne og andre sine arrangement, etablering av faglege nettverk og deltaking i utviklingsprosjekt var viktige oppgåver for det interkommunale næringsselskapet Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) i 2018.

GMU var involvert i dei fleste tiltaka som fekk tilskot frå næringsfondet i 2018. Tilgangen av nye søknader var god. Påfyll til næringsfondet utgjorde kr 428 413 i 2018.

Deltaking i interkommunale organ som regionråda i HAFS og Nordhordland, Nettverk for fjord- og kystkommuner, Kystvegen Bergen-Ålesund (Fv. 57 gjennom Gulen) og Stamvegutvalet for E39 i Sogn og Fjordane har vore viktig for å oppnå gode resultat innafor samfunnsutvikling, og i 2018 vart det også arbeidd med oppretting av eit organ for kystkommunane i Sogn og Fjordane; Kystrådet.

På kulturfeltet vart revisjon av kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv gjennomført i 2018, og det var høg aktivitet knytt til prosjekt som har fått tildelt spelemidlar og kulturbyggtilskot. Fleire langvarige prosjekt vart fullførte, nye prosjekt vart godkjend for kommunal delfinansiering (tursti og ballbinge i Eivindvik og skytebane på Oppedal) og det vart løyvd spelemidlar til både Tursti Eivindvik, Den Trondhjemske postveg, Dagsturhytta og Klatrepark Brekke. Dei tre sist nemnde prosjekta er kommunale, og har kravd vesentleg innsats frå kulturkonsulent.

Gulen kommune løvvde kr 75 000 i tilskot til festivalen Utkant, som vart arrangert siste helga i juli, og nyttar kr 126 577 til å støtte lokale museum (Gulen Fiskarbondemuseum, Bjørn Westmuseet og Kystmuseet i Sogn og Fjordane).

Gulen ungdomsråd hadde bra aktivitet i 2018. Rådet behandla saker, fordele transporttilskot og kulturtildskot til born og unge og var medarrangør av UKM (Ung Kultur Møtast). Representantane deltok på nettverksmøte og opplæring i regi av UPU (UngdomsPolitisk Utval). Ei av fanesakene i 2018 var «Teikn ditt skuleområde», der dei jobba saman med elevråd/skule og kommunen om utbetring av uteområda ved skulane i kommunen.

Gulen folkebibliotek hadde fleire arrangement i løpet av året, dei fleste i samarbeid med eitt eller fleire bibliotek i HAFS. I sommarmånadene hadde biblioteket god oppslutning i lesekampanjen Sommarles. Tenester for innvandrargrupper har blitt eit viktigare aktivitetsområde dei siste åra, med tinging av bøker på andre språk enn norsk, utlån av biblioteklokale til språkkafé og anna. Biblioteklokala har vore nyttar meir og meir utafor opningstida, til strikkecafé, sjølvbetent utlån, lekselokale og anna.

Innafor satsinga på Tusenårsstaden Gulatinget saman med fylkeskommunen var planlegging av besøkssenter ei hovudoppgåve i meldingsåret. Kulturvandringsløypene i Eivindvik og på Flolid vart ferdigstilte, med skilting og digital informasjon begge stader. Nettverket med Frostafjord, Eidsiva- og Borgarting hadde fire møte. Prosjekteiar deltok på ei rekke samlingar med relevante fagmiljø. Gulatingparken hadde over 14 000 registrerte besøk i 2018. Vikingmarknad 13.-15. juli og eit dagsturtildskot med ekspressbåt frå Bergen var viktige arrangement. På tampen av året kom Gulatinget inn på statsbudsjettet for 2019, med ei løyving på kr 0,5 mill. til ei formidlingsstilling.

Heile tretten tilskot på kr 40 000 til bustadetablerarar og eitt på kr 60 000, til saman kr 580 000, vart utbetailt i 2018.

Interessa for kommunale bustadtomter var på normalt nivå, med sal av to «gratistomter» (resttomter i eldre bustadfelt); ei i Brekke og ei på Dalsøyra, og ei ny tomt i Hovden II.

Å leggje til rette for vellukka busetting og integrering av flyktningar var ei prioritert oppgåve også i 2018, med oppstart av grunnskuleopplæring for vaksne som eit viktig tiltak.

## OPPVEKST

Oppvekstsektoren har frå skuleåret 2013-14 vore organisert i 4 einingar, som alle har barnehage-, grunnskule- og SFO-tilbod.

### Skule

	Utvikling i elevtal i dei fire skulekrinsane				
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla elevtal
2014/2015 pr. 15.10.14	81	47	69	79	276
2015/2016 pr. 01.10.15	78	54	70	85	287
2016/2017 pr. 01.10.16	78	53	66	78	275
2017/2018 pr. 01.10.17	81	53	64	83	281
2018/2019 pr. 01.10.18	73	48	65	80	266

Nedgangen i elevtalet frå 2017 til 2018 var litt større enn prognosa. Dette skuldast at fleire elevar flytta enn det som kom til. Nedgangen var frå 276 elevar til 266. Med utgangspunkt i

dei barna vi har i barnehagen, vil elevtalet hausten 2019 vere 254, hausten 2020 244 og hausten 2021 248.

Indikatorar og nøkkeltal	Gulen 2014/15	Gulen 2015/16	Gulen 2016/17	Gulen 2017/18	Gulen 2018/19	Sogn og Fj. 2017	Landet 2017
Årsverk for undervisningspersonale	37,9	40,0	40,8	41,5	39,6		
Lærartettleik samla (elevar pr lærar)	9,7	9,7	9,2	9,0	9,3	13,5	16,3
Lærartettleik 1.-7. steg	9,5	9,0	8,1	7,5	7,5	10,4	13,0
Lærartettleik 8.-10. steg	7,8	8,6	8,9	9,8	9,7	12,1	14,4
%-del undervisning av tilsette med godkjend utdanning	97,4	91,6	98,8	96,2	93,9	94,8	95,4

Vi har nedgang i tal årsverk til undervisning i samsvar med nedgangen i elevtalet. Dette gjev ikkje eit heilt rett bilet av ressursinnsatsen sidan ein parallelt med nedgang i elevtalet har fått fleire elevar med særskilt trøng for tilpassing. Mengda enkeltvedtak og omfanget av dei vi alltid variere i ein liten kommune som Gulen. Fordelinga mellom barnesteget og ungdomssteget er som førre år.

### Spesialundervisning

Prosent av elevar som får enkeltvedtak				
2014/-15	2015/-16	2016/-17	2017/-18	2018/-19
5,9 %	4,7 %	4,7%	5,3%	5,6%

Auken i spesialundervisning skuldast fleira omfattande spesialundervisningskasus. Gulen kommune brukar mindre ressursar på spesialundervisning enn nabokommunane og snitte for kommunane i landet.

### Kvalitet (frå kvalitetsmeldinga)

Resultata for ulike elevgrupper varierer mykje, men over tid er tala gode. Denne påstanden vert støtta av nasjonal statistikk. Gutane finn seg betre til rette i Gulen oppvekst enn elles i landet. Dette er positivt og burde kanskje vore forska på.

Dette gler vi oss over:

- Gode tilbakemeldingar på barnehagetilbodet
- Nye barnehagebygg
- Bra rekruttering
- Godt læringsmiljø

Her må vi auke innsatsen:

- Arbeidet i SU
- Dialogkompetanse
- Fellesskap barnehage –skule
- Begynnaropplæringa

### Grunnskulepoeng:

Gulen	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	Snitt
jenter	44,1	43,2	44,4	40,8	44,5	43,1
gutar	43,9	40,5	41,6	43,3	43,6	42,3
samla	<b>44,0</b>	<b>41,6</b>	<b>43,0</b>	<b>42,0</b>	<b>44,0</b>	42,7
<b>Sogn og Fjordane</b>						
jenter	43,4	43,6	44,0	44,1	44,3	43,8
gutar	39,6	39,2	39,2	39,2	39,9	39,3
samla	<b>41,5</b>	<b>41,3</b>	<b>41,2</b>	<b>41,6</b>	<b>42,0</b>	41,4
<b>Nasjonalt</b>						
jenter	42,5	43,0	43,4	43,7	44,0	43,2
gutar	38,5	38,6	39,0	39,1	39,5	38,8
samla	<b>40,4</b>	<b>40,8</b>	<b>41,2</b>	<b>40,5</b>	<b>41,7</b>	40,7

Som nemnt før er det gutane sine resultat som gjer at Gulenelevane positivt skil seg frå snitte for landet og snittet for Sogn og Fjordane. Årsakene til dette er nok samansette, og ingen kan seie at dei veit kvifor Gulengutane gjer det bra. Det er spesielt interessant når vi nett har fått framlegget til Stoltenbergutvalet som skulle komme med tiltak som kunne betre gutane sin skulesituasjon.

## Skulefritidsordning (SFO)

	Tal brukarar av skulefritidsordning				
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla tal
01.10.2014	11	7	7	12	37
01.10.2015	13	15	7	12	47
01.10.2016	11	15	11	8	45
01.10.2017	20	13	10	16	59
01.10.2018	14	12	9	16	51

Bruken av SFO har stabilisert seg og varierer no stort sett med tal elevar i årskulla på småskulesteget.

## Barnehagar

	Born i kommunale barnehagar, fordelt på avdelingane					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eidsbotn	Eivindvik	Samla tal
15.12.2014	28	19	16	15	23	101
15.12.2015	29	16	32		21	98
15.12.2016	32	16	34		35	117
15.12.2017	25	16	34		37	112
15.12.2018	28	16	40		33	116

Dei fleste barn i førskulealder går i barnehagen og dei fleste har heil plass. Variasjonane i tal barn i barnehagen endrar seg stort sett i samsvar med endringar i årskulla.

## Musikk- og kulturskulen

Elevar i musikkskulen				
01.10.14	01.10.15	01.10.16	01.10.17	01.10.18
48	50	37	50	53

Kulturskulen har prøvd ut nye tilbod og har såleis fleire elevar.

## OMSORG

Gulen kommune vart hausten 2016 formelt ein del av Helse Bergen med Haraldsplass Diakonale Sjukehus som vårt lokalsjukehus. Vi har no to års erfaring som samarbeidspart. Det vil alltid vere ein del utfordringar i oppstarten av eit nytt samarbeid, men stort sett har det fungert greitt. Fagpersonar frå Gulen er med i ulike nettverk, og vi tek del i overordna utval som til dømes samarbeidsutvalet i Nordhordland. Utvalet er breitt samansett, med representantar frå øvste leiing i Helse Bergen, tillitsvalde, brukarane og ein representant frå kvar kommune. Frå Gulen kommune møter kommunalsjef omsorg. Utvalet tek opp og diskuterer overordna strategi for helseføretaket, og kan kome med ulike innspel som vert tatt med vidare. Gulen tek og del i ulike samarbeidsprosjekt, m.a. Velferdsteknologiprosjektet. Ei ulempe for fagpersonar frå Gulen er at det går mykje tid i køyring. Møta er stort sett i Knarvikområdet.

## Gjennomgang av pleie- og omsorgssektoren

Ressurssenter for omstilling i kommunene (RO) hadde i 2016-2017 oppdraget med å gjennomgå pleie- og omsorgssektoren i Gulen kommune.

Bakgrunnen for gjennomgangen var å redusere kostnadene i høve innsparingskrav i økonomiplanen.

Mandatet skisserte tre hovudfokusområde for gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren:

- Innretning av tenestene – struktur og samansetting
- Tenestetildeling, tenestenivå og forvaltningspraksis
- Ressursbruk

Tenestene til menneske med utviklingshemming skulle vurderast særskild, mellom anna utifrå eit ynskje om auka samordning av tenestene til menneske med utviklingshemming og open omsorg. I denne vurderinga skulle det også leggjast særleg vekt på funksjon og organisering av dagtilbod og alternativ organisering av den individuelle tenesta.

Parallelt med gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren, vart det utarbeidd ein plan for pleie og omsorg, med særleg vekt på handlingsdelen. Planen vart vedtatt i juni 2016.

Tre område vart prioriterte i samband med oppfølging av planen:

- Sakshandsaming/tenestetildeling: felles kartleggingsteam i alle soner; oppstarta oktober 2016
- Organisering av arbeidstid: ny turnus med langvakter; oppstart 01.05.2017
- "Den nye heimetenesta": oppstart hausten 2017

#### Status for handlingsplanen pr 31.12.18:

Gulen kommune har i 2018 brukt mykje tid og ressursar i utviklingsarbeidet, og prioritert områda i handlingsplanen

Felles kartleggingsteam er vorte ei permanent ordning. Alle nye og omfattande søknadar vert vurdert av teamet. God erfaring med denne organiseringa.

Gulen sjukeheim/Eivindvik sone har innført langvakter på helg. Resultatet er mindre vakanse på helg, og reduksjon av ein stilling på GS. Middagstidspunktet er flytta frå klokka 13:00 til 14:30. Fått til ein meir fleksibel bruk av personalet mellom institusjon og open omsorg i sone Eivindvik.

Som ein del av "Den nye heimetenesta» er arbeidet med å planlegge og innføre velferdsteknologi vorte eit hovudfokus. Arbeidet er organisert gjennom felles prosjekt med ni Nordhordlandskommunar med felles opplæring, «Velferdsteknologiens ABC», og felles temasamlingar.

#### **Pleie og omsorg**

Samhandlingsreforma vart innført frå 01.01.2012. Reforma skal vise veg framover, og gje helsetenestene ny retning. Hovudmåla er:

- |   |  |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Førebygge framfor å reparere</li> <li>• Få ulike ledd i helsetenestene til å jobbe betre saman</li> <li>• Flytte tenestene nærmare der folk bur</li> <li>• Fleire oppgåver til kommunane og pengar til å utføre dei</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tidleg innsats framfor sein innsats</li> <li>• Samle spesialiserte fagmiljø som er sterke nok</li> <li>• Betre for pasientane, auka brukarmedverknad</li> </ul> |
|---|--|

Gjennomføringa av reforma og oppbygging av helsetilbod i kommunane skal skje over noko tid, og gjev helse-, pleie- og omsorgstenestene nye og spanande utfordringar i åra framover.

I samband med reforma er det utarbeidd ny felles lov for helse- og omsorgstenestene i kommunane og ny folkehelselov. Utifrå lovverket pliktar kommunane og sjukehusa å samarbeide, og kvaliteten skal kunne målast betre. Pasientar og brukarar vil få eit tilbod som heng betre saman.

Gulen kommune har greidd dei nye utfordringane rimeleg greitt. I løpet av 2018 klarte vi å ta imot alle utskrivingsklare pasientar, i 2017 betalte vi for 0 døgn, i 2016 for 6 døgn, og i 2015 for 13 døgn. Utviklinga syner at Gulen kommune har eit nivå på tal plassar som høver til folketal og etterspørsel.

Nye krav til kommunen set nye krav til kompetanse. Ein kompetanseplan med bakgrunn i nye krav er utarbeidd og politisk vedtatt. Nokre av oppgåvene i samband med reforma ser ut til å kunne løysast best med interkommunalt samarbeid. Gulen kommune har ØDH (Øyeblikkeleg DagHjelp)-plassar i samarbeid med Nordhordland interkommunale legevakt. Ordninga med interkommunal legevakt synest å fungere greitt for alle partar.

#### Pleie i institusjon

Institusjon	2014	2015	2016	2017	2018
Tal utskrivningar totalt	17	16	21	47	<b>31</b>
<i>Utskriving etter langtidsopphald</i>	6	5	4	14	<b>10</b>
- Av desse etter dødsfall	6	4	4	13	<b>9</b>
<i>Utskrivingar etter korttidsopphald</i>	11	11	17	33	<b>18</b>
- Av desse etter dødsfall	1	2	0	1	<b>4</b>
<i>Avlastning</i>	0	0	0	1	<b>0</b>

Gulen sjukeheim er delt i tre avdelingar for pleie: langtidsavdelinga har 12 plassar, rehabilitering og avlastning 8 plassar, dementavdelinga har 8 plassar, ein plass har tidlegare vore nytt til avlastning. Delar av

året har langtidsavdelinga og rehabiliteringsavdelinga vore samkøyrd grunna uvanleg lite belegg. Samkøyringa medførte mindre behov for vikarar. Institusjonen hadde både positive og negative erfaringar med samkøyringa. Eit resultat var at tilsette synte stor grad av fleksibilitet og omstillingsevne. Kommunen har nytt dagtilbod som alternativ for demente som bur heime. Tilbodet er no fast to dagar i veka, og vert finansiert av prosjektmidlar frå Helsedirektoratet. Det syner seg at transport til og frå er ei utfordring å organisere. Vi har nytt frivillige som sjåførar, og kommunal bil som transportmiddel.

Kompetanseutvikling har vore satsa på. Tilsette har starta med ulike helsefagutdanninger.

Kommunen har fått prosjektmidlar frå Helsedirektoratet til eige prosjekt knytt til pårørrandearbeid og lindrande omsorg. 20 % prosjektstilling har vore finansiert og knytt til prosjektet.

Prosjekt «Velkomen inn-pårørande på timeboka» vart avslutta i 2017, og rutinane er no ein del av faste rutiner både på institusjon og i open omsorg.

Alle sjukepleiarane i sona har gjennomført akuttmedisin i eldremedsorg i regi av verdighetsenterte/Bergen Røde Kors Sykehjem. Det er gjennomført 6 fagprøvar i løpet av året, og 17 tilsette har tatt del i «Velferdsteknologiens ABC». Det er kome på plass nestleiarfunksjon i sona som skal avlaste og vere stedfortredar for leiar. Sjukeheimen har vanskar med å rekruttere sjukepleiarstilling, har hatt stilling ståande vakant gjennom heile året.

### Open omsorg

<b>Heimebaserte tenester</b>					
	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Tal brukarar i året	111	112	108	106	<b>114</b>

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hadde i 2018 tilsyn i open omsorg knytt til kartlegging for å forebygge underernærings

og legemiddelhandtering. Vi fekk ingen avvik på legemiddelhandteringen, men fekk avvik i høve til at vi ikkje hadde gode nok rutinar for systematisk kartlegging for å forebygge underernærings, jf. nasjonale retningslinjer. Har jobba systematisk med dette i ettermark, og kommunen har fått på plass nye retningsliner som tilfredsstiller dei nasjonale krava.

Det er starta opp to grupper, ei på sjukeheimen og ei i open omsorg, som er med i eit læringsnettverk med fokus på tavlemøte i regi av undervisningssjukeheimane, jf. pasienttryggleiksprogrammet. Også her er underernærings eit av fokusområda.

Brekke, Byrknes og Dalsøyra sone, sone BBD, vart i 2013 slått saman til ei sone med felles einingsleiar. Ordninga fungerer etter intensjonen. Sone Eivindvik er ikkje med i samanslåinga. Dei ulike avdelingane (Brekke, Byrknes og Dalsøyra) er om lag like store og brukartalet er også mykje likt. Grunna nedbygging av sjukeheimen, og at pasientar vert tidlegare utskrivne frå sjukehus, med fleire oppgåver overført til kommunehelsetenesta, er det trond for auka kompetanse på personalet vårt. Ei stor utfordring for sonene våre er å skaffe nok kvalifisert personale. Grunna auke av tal brukarar med stort hjelpebehov er det nytta mykje ekstrahjelp på kveld og helg spesielt på Byrknes. Dersom denne trenden held fram må det vurderast å auke opp fast bemanning i open omsorg.

Sone BBD kjøper middag frå lokale leverandørar, og får varm mat levert frå leverandør alle dagar unntake laurdag. Laurdag lagar dei tilsette graut.

Sone BBD har ambulerande nattevakt stasjonert i Brekke og på Byrknesøy. Erfaring syner at nattevakta vert bunden opp med vedtak på bu- og omsorgssentra, og er lite tilgjengelege for brukarar ute i sona. Intensjonen bak ambulerande nattevakt er at tenesta skal vere tilgjengeleg for alle som bur i eigen heim.

### Kommunale bustader (PU)

Ein del av omsorgstenesta er knytt opp til personar med nedsett funksjonsevne. I løpet av 2018 har 7 av 9 brukarar heildøgnsteneste, same talet som for 2017. Kommunen kjøper tenester på dagtid til ein brukar, medan open omsorg organiserer nattevakt. Sju vaksne brukarar får tenester i eigen heim av eige personale. Tenesta har ein brukar med vedtak på avlastning. To brukarar har fast bustad på Dalsøyra bu- og omsorgssenter. Tenesta driv og dagaktivitet for brukarane.

Det har vore stor byggeaktivitet i 2018, med bygging av fire nye bustader og nytt aktivitetssenter og kontorfløy. Prosjektet vert ferdigstilt tidleg vår 2019. Grunna byggeaktivitet parallellt med drift har det vore mykje uro både for brukarar og tilsette. Alle ser fram til 2019 med nytt aktivitetssenter, 4 nye bustader og ny felles kontorfløy for tilsette innan PU og open omsorg.

Tenesta har arbeidd mykje med å organisere tilboda utanfor Dalsøyra bu- og omsorgssenter. Etter politisk vedtak har kommunen hatt ute anbodsrunde der private tenesteleverandørar kunne kome med tilbod om å drifte BPA. Ordninga vert sett i verk i løpet av våren 2019. Eininga har utarbeidd informasjonshefte til pårørande, og rutiner for branngryggleik i eigen heim.

Tilsette har delteke på «Velferdsteknologiens ABC», og kurs i regi av Vaksenhabiliteringseiniga Helse Førde. Det er og innført nestleiarfunksjon på eininga. Ordninga fungerer godt.

## **Helsetenestene**

Ordninga med eigen einingsleiar fungerer godt, eininga har no faste personalmøte. Einingsleiar omfattar helsestasjon/skulehelseteneste med 2 stillingar helsesøster. Gulen kommune kjøper 20 % jordmorstilling frå Masfjorden kommune. Gravide frå Gulen reiser til Hosteland for konsultasjon med jordmor. Kommunen kjøper 40 % psykologtenester frå Masfjorden kommune. Stillinga har vore vakant store delar av året. Psykologen skal ha ein fast dag i veka i Gulen.

Gulen kommune har 1 stilling som ergoterapeut, fordelt på ein 80 % og ein 20 % stilling.

Fysioterapitenesta er organisert med 70 % driftsavtale, og 130 % fastløn.

Legetenesta vart i løpet av 2017 100 % kommunal. Alle tre legane er kommunalt tilsette, det same er hjelpepersonellet på kontoret. Lege som vart tilsett i 2017 er knytt til ALIS-vestprosjektet, som har som mål å rekruttere allmennlegar til kommunar. Prosjektet går over 5 år. ALIS-legen tek del i felles samlingar, og har vakter i Nordhordland legevakt i Knarvik. Kommunen har lyst ut ein legestilling i 2018. Det er 70% vikar i ledig heimel til det vert tilsett lege i fast stilling i løpet av 2019.

Frå april 2013 vart Gulen kommune ein del av Nordhordland interkommunale legevakt, stasjonert i Knarvik. Ordninga gjer at legane i Gulen kommune har vakt på kvardagar frå kl 08.00 til kl 15.30. I resten av tida kjøper Gulen kommune legevakttenester i Knarvik. Ordninga synest å fungere godt for alle partar.

Psykiatritenesta omfattar 2,7 stillingar. Tenesta har og støttekontaktar og arbeidstiltak for nokre personar. Mål for drifta er å vere eit lavterskelttilbod i høve til psykisk helse. Fagleiar psykisk helse og rus er starta opp med deltid vidareutdanning innan psykisk helse og rus.

Gulen kommune starta opp Frivilligsentral i april 2015. Sentralen har 70 % stilling som dagleg leiar. Satsingsområda er delt opp i tre hovudpunkt:

- Motivere lag og organisasjonar til å halde fokus på folkehelse i sine aktivitetar
- Psykisk helse
- Integrering og inkludering

## **Barnevern**

Arbeid i barneverntenesta	2017	2018
Antal meldingar mottatt i perioden		16
Antal born som har hatt tiltak i året	42	42
Antall tiltak som har vore aktive heile eller deler av året	135	151
Antall born som har vedtak om råd og rettleiing (3.9) frå bvt.	31	33
Besøksheim bvt. har ansvar for(4.5)	14	5
Tilsynsansvar (tal born)	4	5
Tilsynsførarar vi har ansvar for	8	11
Antall born som får andre heimebaserte tiltak (3.7) (t.d. støttesamtalar, familiesamtalar, observasjon, COS, Marte Meo)	9	19
Fosterheimstiltak	0	0
Deltaking i nettverksmøter (6.2)	10	10
Deltaking i ansvarsgruppe/samarbeidsteam (6.4)	8	10
Andre tiltak (4.99) (t.d. samtaler med barn)	25	28

Gulen og Masfjorden har frå 2016 hatt ei interkommunal barnevernteneste med Gulen kommune som arbeidsgjevar. Einingsleiar i Gulen er og barnevernsleiar i Masfjorden. Tenesta har fem tilsette, og er lokalisert i felles kontor på Hosteland, med gjestekontor i Eivindvik. Tilsette i tenesta har så langt positive erfaringar med samarbeidet. Tilbakemelding frå brukarane er også positive med omsyn til ny organisering. Barnevernet har blitt tildelt midlar frå Fylkesmannen til kompetanseheving, som har vore nytta til ei 100 %-stilling; 50 % i Gulen og 50 % i Masfjorden. Barnevernet er ein del av KLAFF-gruppa, og deltek i det kommunale kriseteamet.

## **NAV**

NAV	2014	2015	2016	2017	2018
Supplerande økonomisk sosialhjelp	22	20	20	24	<b>36</b>
Deltakarar, kvalifiseringsprogrammet	0	0	0	0	<b>0</b>

NAV Gulen vart etablert i mars 2009, og er et partnerskap mellom NAV og Gulen kommune. Kommunen

finansierer 0,5 stilling som leiar og 1,0 stilling som rådgjevar. I tillegg har kommunen 1,0 stilling som flyktingkonsulent og 1 stilling som miljøarbeidar, organisert av NAV.

Den kommunale tenestemenyen (tenester som før vart administrert frå sosialkontoret) er: Opplysning, råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, økonomisk sosialhjelp, individuell plan, kvalifiseringsprogrammet med tilhøyrande stønad, mellombels butilbod, bustøtte (Husbanken), startlån og tilskot (Husbanken) og gjeldsrådgjeving.

Einingsleiar NAV slutta i stillinga 01.06.18, og kommunalsjef omsorg har vore konstituert leiar siste halvåret.

Frå 01.01.19 vert Masfjorden kommune vertskommune for felles NAV-kontor for Modalen, Austrheim, Fedje og Gulen. Kor kontoret vert lokalisert er enno noko usikkert, men det er ein føresetnad for prosjektet at det vert lokalisert nord for Fensfjorden. Utifra planane vil det verte eit felles kontor med større arbeidsfellesskap og fleire oppgåver.

Korleis prosjektet vert i praksis vil vi få sjå i løpet av 2019.

## PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Frå 01.07.18 vart Plan, landbruk og teknisk eining (PLT) delt i to einingar; PLT og Eigedom (EIG). I denne bolken av årsmeldinga vert arbeidsområda innafor dei to einingane sett under eitt. PLT og EIG har eit stort arbeidsfelt og utfører over 25 årsverk, fordelt på om lag 40 tilsette. Det politiske hovudutvalet for plan og utvikling (HPU) behandla i meldingsåret 56 saker, og fekk rapport om 224 saker som var delegerte til administrasjonen.

### Planlegging

Kommuneplanar og reguleringsplanar bygg					
	2014	2015	2016	2017	2018
Oppstarta	6	1	4	0	0
Under arbeid	6	6	8	6	2
Fullførte/erstattata	9	6	1	1	4

Alle dei fullførte planane i 2018 gjeld næringsområde. Oppdaterte og gode reguleringsplanar er avgjerande for utvikling av næringslivet i Gulen, og det er svært positivt for kommunen at dette arbeidet no

er sluttført. Ferdigstilling av arealdelen av kommuneplanen er utsett til midten av 2019.

### Byggjesaker

Byggjeløyve for bustader, fritidsbustader og andre					
	2014	2015	2016	2017	2018
Heilårsbustader	6	13	19	18	9
Fritidsbustader	3	20	20	8	12
Andre bygg*	30	27	70	32	40

\*Næringsbygg, garasjer, naust osb.

Det totale talet på byggjesaker er om lag som i 2017. Det vart handsoma færre byggjesaker for bustadhus, men fleire andre typar bygg. Mange av sakene var ikkje i tråd med overordna plan, og kravde dispensasjon før byggeløyve vart gjeve.

### Kart og oppmåling

Kart- og oppmålingsarbeid					
	2014	2015	2016	2017	2018
Innkomne saker	38	41	49	51	53
Fullførte saker	24	25	44	26	45
Utsende faktura	20	25	44	26	45

Aktiviteten innafor kart og oppmåling har hatt ein auke med omsyn til saker. Til tenesta ligg og retaksering for eigedomsskatt. Dette arbeidet tok ein del tid første halvår.

### Landbruksforvaltning

Produksjonstilskot i jordbruket		Regionale miljømidlar
Tal søkjrarar	Tal mjølkeprodusentar	Tal søkjrarar
2018	94	41
2017	96	39
2016	96	40
2015	96	42
2014	96	43
		44

Jordbruket er ei stor næring i kommunen med lite nedgang i talet på aktive brukarar dei siste åra. I 2018 vart det ikkje gjeve tilbod om BU-midlar til tiltak i kommunen. Gulen fekk tildelt i kr 150 000 til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar) som vart fordelt mellom 4 søknader. Det har vore liten aktivitet i skogbruket.

## Viltforvaltning

Hjortejakta i Gulen kommune				Fallvilt			Utfall				
År	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Meldingar (stk)	Hjort (stk.)	Oter ørn (stk.)	Daud på staden (stk.)	Ettersøk - ikkje funn (stk.)	Friskmeld (stk.)	Avliva (stk.)	
2018	906	800	88,3	89	87	2	60	8	1	18	
2017	754	704	93,4	18	18	0	10	1	0	7	
2016	754	672	89,1	18	18	0	11	1	0	6	
2015	749	561	74,9	21	20	1	10	3	2	5	
2014	748	604	80,7	18	18	0	6	4	5	3	

Gulen er ein av dei største hjortekommunane i Sogn og Fjordane. I 2018 vart det ny jaktrekord med 800 felte dyr. Avskytingsprosenten vart 88,3% - noko därlegare enn i 2017, men framleis høgt samanlikna med andre kommunar. Dette tyder på aktive og flinke jegarar. Auken i fallvilt skuldast langt på veg vinteren 2017/2018, som var langvarig kald med fleire minusgrader og snø som låg lenge. I 2018 hadde kommunen 4 storvald og 39 ordinære vald. 24 vald i Gulen er med i Gulen og Masfjorden bestandsplanområde.

## Brann- og feiarvesen

Gulen kommune samarbeider med Masfjorden kommune om felles brann- og redningsvesen (GMBR). Aktivitetsnivået har også i 2018 vore høgt. Dei fleste utrykningane var som akutthjelpar (sjukdom). Nærleiksprinsippet har vore avgjerande for å lukkast. Det vart i løpet av året gjennomført fleire øvingar internt i brannvesenet og i samarbeid med andre aktørar. Arbeidet med å få på plass «øvingsstasjon» i Sløvåg nærmar seg realisering.

Det er samarbeid om feieneste i kommunane Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. Det er no krav om at også fritidsbustader skal feiast. Med denne bakgrunn er feienesta utvida med ein feiar til. Sjølvkostrekneskapen gjekk med underskot i 2018 på grunn av forseinka gjennomføring av arbeid med forskrift og fakturering.

Brannførebyggande arbeid skjer gjennom NGIB (Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggande avdeling).

## Veterinærtenester

Gulen administrerer veterinærtenestene for vaktdistrikt Høyanger (Høyanger, Gulen og Masfjorden). 4 veterinærar deler vaktene. Staten dekkjer mesteparten av ordninga.

## Vatn, avløp og renovasjon (VAR)

År	Oversikt vassforbruk	
	Eivindvik vassverk (m³ pr. år)	Vassforsyning Sløvåg (m³ pr. år)
2018	<b>72 625</b>	<b>107 270</b>
2017	75 762	100 212
2016	67 138	51 321
2015	85 486	37 124
2014	80 429	39 899

VAR-tenestene er sjølvkosttenester. Abonnentane betaler sjølv kostnaden med tenestene gjennom gebyr. Arbeidet med hovudplan for vatn(avløp, som vart starta opp i 2017, vart arbeidd vidare med i 2018 og er venta ferdig i 2019. Vassforsyning: Gulen kommune eig anlegga i Eivindvik og Sløvågområdet, medan resten av vassverka i Gulen er private. Prosess for kommunal overtaking av Ånneland vassverk er starta. Nytt vassverk er planlagt ferdig

sommaren 2019. Pr 31.12.18 står kr 728 509 på sjølvkostfond. Avskrivningar på nye anlegg knytt til vassforsyning i Sløvågen startar i 2019.

Eivindvik vassverk: Anlegget har fungert utan store feil og manglar. Det er montert straumaggregat for å forsyne vassverket ved straumbrot. Arbeid med reduksjon av lekkasjar pågår kontinuerleg med overvakning og retting av feil.

Vassforsyning Sløvåg: Gjennom samarbeid med Masfjorden kommune har leidningsnettet og pumpekapasiteten no vorte oppdimensjonert til vesentleg høgare vassleveransar. Kontrollen med vassleveranse og lekkasjar i Sløvåg er tilfredstillande.

Avløp: I meldingsåret var det noko problem knytt til avløpssystemet på Byrknes, elles greitt. Pr 31.12.18 står kr 93 417 på sjølvkostfond.

**Slamtømming:** Kommunen har ansvar for slamtømming for ca. 1030 abonnentar. Det praktiske arbeidet er administrert av NGIR. Kommunen har tilsynsplikt i høve til private slamavskiljarar (*ureiningsforskrifta § 12 og 13*).

**Renovasjon:** NGIR driv denne tenesta, og dette fungerer bra. Sjølvkostfondet auka med kr 731 000 til kr 823 000 pr 31.12.18 på grunn av eingongsinntekt frå fordeling av inntekter knytt til sal av gjenvinningsstasjon i Knarvik.

## **Bygg**

Eininga Eigedomsforvaltning har rolla som kommunal byggdriftar og -forvaltar. Vaktmeistrane og reinhaldarane, med unnatak for reinhaldarane på Gulen sjukeheim og bu- og omsorgssentra, er plasserte innafor eininga. På forvaltningsida har kommunen dei siste åra skifta ein god del golvbelegg, vindauge, dører og taktekking. Ingen graverande avvik er kjende, men dokumentasjonen på bygningane er mangelfull.

Den kommunale bygningsmassen og anlegga vert stadig eldre. Av samla bygningsmasse på 24 648 m<sup>2</sup> er heile 60 % over 30 år og 75 % over 20 år. Sett i høve til eigedomsstrategien frå 2012 ligg ein langt etter vedlikehaldsmessig.

Installasjon av ventilasjonsanlegg har vore satsa på dei siste åra, etter ymse tilsyn som har peikt på inneklima. Dei største investeringane har vore knytt til barnehagar og skular.

Kommunen har tatt i bruk IK bygg for innmelding av driftssake for brukarar av kommunale bygg.

## **Vegar og uteanlegg**

Gulen kommune har 130,5 km kommunale vegar. Både sommarvedlikehald og brøyting vert i hovudsak utført av private kontraktørar og entreprenørar.

I 2018 vart det lagt nytt fast dekke på kommunale vegar ved Undal, Glosvik, Halsvik og Brandanger, og reasfaltert ved Mjømna, Engeseter, Ytre Oppedal og Indre Oppedal. Det er framleis i overkant av 30 km med grusvegar, noko nedslitne asfaltvegar (20 km som bør takast i løpet av 5 år), manglende autovern og generelt mange oppgraderingsbehov på kommunale vegar.

Vedlikehaldsetterslep på 28 kommunale bruer og 20 kommunale kaier er rekna til om lag kr 10 mill. Tilstandsrapportar er utarbeidd på desse områda.

I tillegg til drift og vedlikehald av eigne uteanlegg, utfører eininga slått og vedlikehald på kyrkjegardane og på Flolid i høve til tenesteytingsavtalar med Kyrkjeleg fellesråd og Tusenårsstaden Gulatingset, og tenester for Hjelpemiddelsentralen og omsorgseiningane. Driftseininga har ansvar for mange arbeidsfelt, og eit stort kontaktfelt mot interne brukarar, leidgetakrar, kontraktørar, entreprenørar, eksterne tilsyn og innbuarane i kommunen.